



Nærings- Og Fiskeridepartementet
Postboks 8090 Dep
0032 Oslo

Dykkar ref.

Vår ref.

23/150 - 78

Dato

30.06.2023

NOU 2023:10 – høring reisemål for en bærekraftig fremtid

1. Voss herad støttar Reisemålsutvalet si anbefaling om at kommunane skal ta initiativ til etablering av ei lokal reisemålsleiing. Ei leiing på tvers av privat, offentleg og frivillig sektor ser me som eit avgjerande suksesskriterium. Reisemålsleiinga må bli tilpassa lokale forhold og kan bli etablert på tvers av kommunale grenser der dette er naturleg. Leinga bør formelt bli utnemnd av kommunestyret.
2. Voss herad støttar at det er nødvendig med friske midlar til finansiering av fellesgode, såkalla besøksbidrag. Midlane må vera øyremerka formålet, vera forankra i ein besøksstrategi og bruken må bli styrt av den lokale reisemålsleiinga. Gode løysingar for rettvis fordeling basert på andre parameter enn berre hotellovernattning må utviklast, då hotellovernattning aleine ikkje er representativ for behovet for utvikling, slitasje og verdiskaping aleine. Voss herad støttar i utgangspunktet ein modell der finansiering av fellesgode kan løysast gjennom besøksbidrag knytt til transport/reiser inn til eit område.
3. Voss meiner tida er inne for at ein får prøvd ut ordninga med besøksbidrag gjennom ei pilotordning. For Voss herad vil ei utprøving i Verdsarvområdet i Nærøyfjorden vera ynskjeleg. Ei nasjonal ordning vil ta lang tid å få på plass, og den er langt mindre retta inn mot dei utfordringane som er i området med stort press på grunn av mange tilreisande. I staden for å gå vegen om ei nasjonal ordning, må pilotane bli så gode at dei vert attraktive for andre område som opplever stort press på fellesgode, og finansiering og drift av desse.
4. Voss herad meiner at midlar frå besøksbidrag i hovudsak skal gå til avbøtande tiltak, tilrettelegging og vidareutvikling på stader der slitasjen oppstår og lokale innbyggjarar opplever ulempe, og i mindre grad til å byggja opp nye reisemål.
5. Reisemålsutvalet rår til at Innovasjon Norge si merkeordning for bærekraftig reisemål blir styrka og vidareutvikla. Voss herad støttar dette og meiner at ein også må evaluera Innovasjon Noregs sitt generelle arbeid for å sikra eit heilskapleg og hensiktsmessig samarbeid med næringa.
6. Voss herad er glad for at Reisemålsutvalet løftar transport og tilgjenge inn som eit punkt i høve til reisemål for ei bærekraftig framtid. Dette er viktig for å gjøre det enkelt å ta klimavenlege val og for å sikra eit betre og meir saumlaust kollektivtilbod. Voss herad meiner også at det er særskilt viktig at fylkeskommunar inkluderer reiselivet sitt transportbehov (tilreisande og tilsette) i anbodsgrunnlaget for offentleg kjøp av transporttenester. Dette er avgjerande for å få til eit velfungerande og

berekraftig reisemål. Å harmonisera reiser på tvers av fylkesgrenser er tilsvarende viktig. Vår oppmøding er at det blir iverksett ein gjennomgang av fylkeskommunen sine verkemiddel på transportområdet og at sentrale aktørar frå reiselivsleieninga både regionalt og lokalt blir kopla på i dette arbeidet.

7. Voss herad støttar Reisemålsutvalet sitt syn på at det er viktig å få på plass tiltak som får ned klimagassutslepp frå cruiseindustrien og at dette blir prioritert i alle norske farvatn, ikkje berre i verdsarvfjordane. Heradet støttar vidare alle tiltak som styrkar lokal verdiskaping i hamnene og i dei reisemåla cruiseskipa seglar i.

Med venleg helsing

Karianne Finne
Næringssjef
Tlf: 480 66 092

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

